

Dette manuset skal nyttast saman med PowerPoint-presentasjonen *Kom i gang med Skype*. Punkta si nummerering svarar til PowerPoint. Punkt 1 høyrer til slide 1 (side 1) i PowerPointen, Punkt 2 til side 2 osv. Det same manuset finn du òg som notat under kvar slide.

Skrift som er **utheva** er kommentarar til kurshaldaren. Skrift med store BOKSTAVAR er overskrifter. Resten av teksten kan lesast høgt eller brukast som rettleiing for det kurshaldaren skal seie medan han/ho underviser.

### Manus

**1. Gå gjennom læringsmåla med kursdeltakarane før du startar sjølv opplæringa.**

**Det gjer det lettare for dei å lære og hugse det dei har lært.**

2. KVA ER SKYPE?

3. Skype er ei teneste som let deg ringe, ha videosamtalar og chatte over nettet. Så lenge både du og den du vil samtale med har ein brukarkonto på Skype og er på internett når de samtaler, kan de gjere det gratis. Mange som bruker Skype, bruker det nettopp fordi det er gratis å ringe og ha videosamtalar uavhengig av kor lang samtalen er og kva for land ein er i. Så lenge du er logga på internett, og den du snakkar med òg er på internett, kostar det ingen ting. Det er mogeleg å betale når ein bruker Skype, slik at ein kan ringe til ein telefon som ikkje er på nettet, men det skal vi ikkje lære å gjere på dette kurset. Det er ingen fare for at du ved eit uhell kjem til å bruke pengar på Skype. Du får tydeleg beskjed og må stadfeste at du ønskjer å bruke pengar og leggje til betalingsinformasjon for at det skal vere mogeleg.

Du kan ringe med Skype ved å bruke nettbrettet, smarttelefonen eller datamaskina di. Det går òg an å ringe frå ein smart-TV, eller ein moderne TV-spelkonsoll. Døma vi viser i denne presentasjonen er henta frå nettbrett, smarttelefonar og datamaskiner. Det er opp til deg sjølv kva for utstyr du vel å bruke for å ringe med Skype.

Så lenge den du ringer til er ein Skype-brukar og har utstyr som tek imot samtalar kan du

ringe frå den plattformen du sjølv ønskjer. Det går an å ringe frå eit nettbrett til ein smart-TV, frå ei datamaskin til ein smarttelefon – alle kombinasjonar du kan tenkje deg. Det einaste som krevst er at begge partar har ein Skype-konto.

#### 4. UTSTYR

5. Den vanlegaste måten å ringe med Skype på er å bruke videosamtale. Då kan ein både sjå og høyre den ein snakkar med, og dei kan sjå og høyre deg òg.
6. Nettbrett og smarttelefonar har både skjerm, kamera, mikrofon og høgtalar som gjer dette mogeleg. Det har også dei fleste moderne berbare datamaskiner.
7. Å bruke høyretelefonar med mikrofon kan vere ein fordel for somme, men det er valfritt. Det finst inngangar for slike langs kanten på både nettbrett, smarttelefonar og berbare datamaskiner.
8. Stasjonære (ikkje-berbare) datamaskiner har som oftast ikkje kamera, mikrofon eller høgtalarar som følgjer med. Dersom du ikkje har dette, kan du kjøpe det ganske rimeleg hos ein forhandlar.
9. Du må bruke eit webkamera for å kunne ha ein videosamtale via Skype med ei stasjonær datamaskin. Kjøper du eit webkamera er mikrofon nesten alltid inkludert. Du treng ikkje eksterne høgtalarar om du bruker høyretelefonar med mikrofon. Har du eksterne høgtalarar kopla til PC-en kan du sjølv sagt bruke desse.
10. Mange bruker helst høyretelefonar med mikrofon for å få betre lyd.

## Manus KOM I GANG MED SKYPE

11. Du kan òg kjøpe høgtalarar og mikrofon til datamaskina, men utan kamera får du ikkje sendt bilete av deg sjølv. Då blir samtalen meir lik ein vanleg telefonsamtale som er utan bilete/video.
12. Noko alle må ha, uansett kva utstyr og ekstrautstyr dei skaffar seg, er tilgang på internett og tilgang på Skype-programmet der du har ein konto/profil.
13. LAST NED SKYPE
14. Skype kan lastast ned som eit program eller ein app til alle nettbrett, smarttelefonar eller datamaskiner.
15. Bruker du ei datamaskin kan du òg opne Skype i nettlesaren din.

Det er likevel lurt å laste ned programmet til datamaskina di fordi andre då kan ringe til deg utan at du har gått inn på nettsida. I dette kurset tek vi utgangspunkt i at alle deltakarane lastar ned og installerer Skype på maskina si.

16. For å laste ned Skype må dei som bruker nettbrett og telefon gå inn på sin app-butikk, søkje etter Skype og laste ned appen. Pass på at du er koplta til internett.

Dei som bruker ei datamaskin, må gå til sida [skype.no](http://skype.no) i nettlesaren. Der ser du med det same ein stor knapp der det står "Last ned Skype". Trykk på knappen, og trykk "ok" eller "godta" dersom datamaskina di lurar på om du ønskjer å laste ned programmet.

No kan alle som er her laste ned Skype på den maskina dei bruker.

**Pass på at alle har klart å installere Skype før du held fram.**

#### 17. LAG EIN BRUKARKONTO

18. Finn Skype-ikonet på skrivebordet ditt. Det er ein "S" i ei blå boble. Trykk på ikonet for å opne Skype.

19. Biletet som kjem opp kan sjå litt annleis ut, alt etter kva slags maskin du bruker, men felte du må fylle ut for å lage ein brukarprofil/brukarkonto er dei same.

Ein brukarprofil/brukarkonto på Skype treng du berre lage éin gong, derfor er det ikkje så viktig å lære denne delen utanåt. Berre følg instruksjonane på skjermen og spør om hjelp dersom det er noko du lurar på.

20. Biletet på skjermen er det same biletet som dukkar opp når du seinare skal logge på Skype, men før vi kjem så langt må vi setje opp ein brukarkonto/brukarprofil.

Ein stad på skjermen din ser du at det står "Lag en konto" eller berre "Lag konto". Trykk her for å starte prosessen.

21. Dei som bruker nettbrett og smarttelefon, får informasjon om "Vilkår for tjenester". Les det som står, og trykk på "Fortsett".

Dei som bruker datamaskin, blir sende til Skype sine nettsider. Her fyller du ut informasjonen du blir beden om steg for steg. Be om hjelp dersom det er noko du lurar på.

22. For å bli ein Skype-brukar må du oppgi fullt namn, Skype-namn (kallenamn eller brukarnamn på Skype), eit passord og ei e-postadresse.

23. Fyll ut alt dette og klikk deg vidare.

24. Dersom nokon allereie bruker det Skype-namnet du ønskjer, foreslår Skype eit anna Skype-namn for deg.

25. Dersom du ønskjer å bruke dette Skype-namnet, trykkjer du på knappen for å gå vidare. Ønskjer du ikkje det, skriv du inn eit nytt namn og prøver igjen.

26. Når du har fått eit unikt Skype-namn og all annan informasjon er fylt inn, kontrollerer Skype kontoen din.

**Vent med å gå vidare til alle har kome til dette punktet.**

27. Om du ønskjer det kan Skype automatisk leggje til kontaktar frå maskina di, men dette kan du òg gjere sjølv seinare.

Trykk på knappen for å gå vidare.

28. Følg instruksjonane på skjermen før du går vidare.

29. Du får ein kode på SMS som du må taste inn for å stadfeste telefonnummeret ditt.

30. Når det er gjort har du ein brukarkonto/brukarprofil på Skype.

31. No kan det hende at Skype spør deg om det er greitt at dei sender deg varsel, og spør om Skype kan få tilgang til mikrofonen og kameraet ditt. Svar ja på desse spørsmåla, så syter du for at du høyrer når nokon ringer deg, og at dei kan sjå og høyre deg når de har ein samtale.

32. Dersom du sjekkar e-posten din, ser du at du har fått ei velkomstmelding frå Skype med litt praktisk informasjon om tenesta.

# Manus

## KOM I GANG MED SKYPE

### 33. START SKYPE OG LOGG PÅ

**Be alle om å lukke nettlesarane og programma dei har oppe på maskina si og gå tilbake til skrivebordet sitt.**

34. Alle skal no ha eit Skype-ikon ein stad på skrivebordet sitt. Å trykkje på dette er den raskaste måten å opne Skype på.

**Be alle om å opne Skype på maskina si.**

35. No kjem det opp ei innloggingsside. Denne kan sjå litt ulik ut avhengig av om du bruker nettbrett, smarttelefon eller datamaskin. Informasjonen du blir beden om å oppgi er uansett den same.

36. Fyll inn informasjonen og trykk på "Logg på".

37. Sidan dette er første gongen du bruker Skype, kan det no hende du får nokre instruksjonar og informasjon frå programmet. Kva som dukkar opp på din skjerm, kjem mellom anna an på om du bruker nettbrett, smarttelefon eller datamaskin.

Dette er noko av det du kan sjå når du bruker nettbrett. Ta deg gjerne tid til å lese informasjonen og klikke deg vidare.

38. Dei som bruker datamaskin får kanskje melding om å kontrollere innstillingane for si maskin og justere bilete og lyd. Følg instruksjonane som dukkar opp på skjermen og klikk deg vidare etter kvart trinn. Spør meg om du lurar på noko.

39. Dette er biletet som skal dukke opp når du loggar inn på Skype. Det er dette som møter deg når du bruker tenesta i framtida.

# Manus

## KOM I GANG MED SKYPE

Som de ser er biletet litt ulikt alt etter kva maskin du bruker. Men funksjonane du kan bruke er dei same. Du har no logga på Skype.

**Pass på at alle er komne til dette biletet før du går vidare.**

#### 40. FINN KONTAKTAR

41. For å kunne snakke med ein annan person gratis på Skype, må dei òg ha ein Skype-profil.

For å kunne kontakte nokon må du finne profilen deira og sende dei ein kontaktførespurnad. Du kan òg få kontaktførespurnader frå andre som ønskjer å ta kontakt med deg.

42. For å finne ein kontakt må du først finne lupa som representerer søkjefeltet og trykkje på ho.

**Be alle om å finne og trykkje på lupa på skjermen sin. Ikkje gå vidare før alle har gjort dette.**

Dømet eg nyttar no er frå appen slik han ser ut på nettbrett og smarttelefon, men trinna og meldingane du må ta omsyn til, er dei same uansett kva slags plattform/maskin du bruker.

43. Skriv inn Skype-namnet, namnet, telefonnummeret eller e-postadressa til personen du ønskjer å finne.

**Be alle om å søkje opp andre i klassen, slik at dei kan øve på å bruke Skype med desse personane.**

## Manus KOM I GANG MED SKYPE

44. Trykk "Enter" eller "Søk" på tastaturet for å be Skype om å leite etter personen.  
Dei som bruker smarttelefon, må trykke der det står "Trykk for å finne nye kontakter".
45. Skype viser deg no ei liste over dei personane det trur du søker etter.  
  
Finn personen og trykk på namnet hans/hennar.
46. Trykk på "Send kontaktforespørsel" eller "Legg til i kontakter".
47. Personen dukkar no opp i lista over kontaktane dine, og du kan ringe han/henne via Skype straks dei har sagt ja til kontaktførespurnaden du har sendt.  
  
Når nokon sender ein kontaktførespurnad til deg, sender Skype deg melding om dette.  
Du kan godta eller avvise førespurnaden. Godtek du, kan du og personen som sende førespurnaden ringe kvarandre via Skype.
48. RING EIN KONTAKT ELLER TA IMOT EIN SAMTALE
49. For å ringe ein kontakt må du leite dei opp i kontaktlista. Du kan rulle nedover i lista manuelt, eller bruke søkjefeltet til å søkje etter kontakten du ønskjer å ringe til.
50. Trykk først på kontakten og så anten på videokameraet eller telefonsymbolet på skjermen for å ringe.
51. Trykkjer du på telefonen ringer du utan bilete og kan ha ein vanleg samtale som via vanleg telefon.
52. Trykkjer du på kameraet ringer du med direktesendt video av deg sjølv.



## Manus KOM I GANG MED SKYPE

53. Signalet går frå maskina du bruker Skype på til maskina som den du ringer har Skype på.
54. Når nokon ringer til deg, høyrer du ein ringelyd og dette biletet dukkar opp på skjermen din.
55. Du kan velje eitt av 3 alternativ når nokon ringer.
- Å trykkje på den raude knappen er det same som å avvise samtalen.
56. Trykkjer du på den grøne knappen med bilete av eit telefonrør tek du imot samtalen, men personen som ringer kan berre høyre røysta di, dei kan ikkje sjå video av deg medan de snakkar.
57. Trykkjer du på den grøne knappen med bilete av eit kamera startar de ein videosamtale der de kan sjå kvarandre og snakke saman dersom begge to har utstyret som skal til.
58. Biletet på skjermen din ser då om lag slik ut.
- Du får eit stort bilete av den du snakkar med på skjermen og eit lite bilete av deg sjølv nedst i høgre hjørne.
59. Biletet av deg sjølv er det same som det som dukkar opp på skjermen til den du snakkar med.
60. Det same skjer hos den du snakkar med. Dei får opp eit stort bilete av deg på sin skjerm, og det same biletet som du ser av dei, i miniatyrversjon nedst til høgre på skjermen.
61. På skjermen på datamaskiner ser du heile tida fire symbol.

## Manus KOM I GANG MED SKYPE

62. Trykkjer du ein gong på skjermen på nettbrettet eller smarttelefonen dukkar dei same symbola opp.
63. Trykkjer du ein gong på biletet av kameraet, kan ikkje personen du snakkar med sjå deg lenger.
64. Trykkjer du på knappen ein gong til kjem biletet tilbake.
65. Trykkjer du ein gong på biletet av mikrofonen kan ikkje personen høyre kva du seier lenger.
66. Trykkjer du ein gong til kjem lyden tilbake.
67. Plussteiknet lèt deg leggje til fleire kontaktar i samtalen. Det kan du eksperimentere med seinare om du vil, vi bruker ikkje tid til å gå igjennom det på dette kurset.
68. For å avslutte samtalen trykkjer du på den raude knappen.
69. Dei som bruker nettbrett og smarttelefon, har i tillegg ein ekstra funksjon.
70. Han ser slik ut. Eit kamera med ei pil rundt.
71. Trykkjer du på denne knappen, filmar kameraet på nettbrettet eller mobiltelefonen bort frå deg.

## Manus KOM I GANG MED SKYPE

72. Personen du snakkar med kan då framleis sjå kva du filmar og høyre kva du seier, men dei ser ikkje deg i biletet.

73. Trykk på knappen ein gong til for å snu kameraet mot deg att.

Skype har òg fleire funksjonar, til dømes er det mogeleg å chatte. Dette er funksjonar du kan søkje om på internett eller teste ut når du har blitt ein meir erfaren Skype-brukar.

74. LOGG AV

75. Mange vel å vere logga på Skype nesten heile tida slik at dei alltid kan ta imot samtalar frå andre. Men dersom du ikkje ønskjer at nokon skal kunne ringe deg opp, eller dersom du har logga deg på ei maskin som mange bruker, bør du logge deg av. Det er enkelt, og alt du må gjere for å bli tilgjengeleg att er å logge deg på.

Knappen du må trykkje på for å få logga deg av ser ulik ut, alt etter om du bruker nettbrett, smarttelefon eller datamaskin.

76. Bruker du smarttelefon må du trykkje på menyknappen øvst til venstre i biletet. Denne knappen ser ut som tre horisontale liner.

77. Trykk der det står "Logg ut" på menyen som dukkar opp.

78. Bruker du nettbrett finn du eit likt ikon der det står "Om meg" nedst på skjermen. Trykk på dette.

## Manus KOM I GANG MED SKYPE

79. Trykk der det står "Logg av" på menyen som dukkar opp.

80. Bruker du ei datamaskin, trykkjer du der det står Skype på menylinja øvst på skjermen.

81. Trykk på "Logg ut" i menyen som dukkar opp.

**Be alle om å logge seg av Skype.**

82. FERDIG